

KORT SAGT

Slik blir Kystsogevekene

Nyhende — 10 april 2018



Tysnesingen Kjell Magnus Økland er leiar for Kystsogevekene.

Pressemelding frå Kystsogevekene 2018:

Kystsogevekene opnar i 2018 laurdag 4. august under den store veteranbåtfestivalen Fjordsteam i Bergen. Nytt av året vert ei offisiell avslutning under skutefesten 15. og 16. september i Rosendal i Kvinnherad kommune.

I løpet av desse seks vekene vert det mange både små og store arrangement på både sjø og land. Bak arrangementa står ei rekke ulike aktørar og for mange av desse er det no tid for å starta planlegginga av årets arrangement. – For å koma med i programmet 2018 er innsendingsfristen 10. mai, seier dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland.

På www.kystsogevekene.no finst det eige registreringsskjema for dette. Nettsida rommar også informasjon om korleis du kan søka om arrangementsstøtte frå Stiftinga Kystsogevekene. –

Det er Grieg Foundation og Stiftelsen Neptun som mogleggjer at Kystsogevekene kan hjelpe lokale arrangørar med litt direkte pengestøtte, fortel Økland.

Arets program vert ei leggsavis i stort opplag som vert lansert i forkant av Torgdagen 9. juni. Her vil du finna informasjon om ulike kystkulturrhendingar utover sumaren, som til dømes Torgdagen, Fjordsteam og sjølvsagt Kystsogevekene. Stiftinga Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kystkommunar i Hordaland og Gulen og Hordaland Fylkeskommune for å fremja kystkultur. Kystsogevekene speglar kystkultur frå alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleva kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar. – Har du idear som kan bli til gode arrangement, ta gjerne kontakt, skriv Kjell Magnus Økland.

– Kor blei da av Vikjo?



Endene som har den vesle kaien i utløpet av Frugardselva som møteplass, har vanlegvis fritt utsyn til Vikafjel og Vikjo. Ikkje slik denne tysdagsmorgonen – med «skodda tjukk som graut», som det vart sagt før i tida. Til glede for oss andre, er det stor fare for at skoda vil letta litt på dag.



Stord kyrkje fekk også eit mystikkens preg over seg i det lage skydekket denne morgonen. (Fotos: Line Hystad)

ANDRE NYHENDE



Stordabu med på kristen plate

april 10, 2018



Solid ventar over 5000 til cup

april 09, 2018



Gir ut nytt album

april 09, 2018



For ein kveld!

april 08, 2018



Full innsats i Sentrumsstafetten

april 07, 2018



Måtte flytta konserten

april 07, 2018

Bli med på «Grøn agenda Vestlandet»

Vil du bli oppdatert på nokon av dei mest spennande verdiskapingsprosjekta på Vestlandet, som kan gi både utsleppskutt og nye arbeidsplassar? Då bør du meldia deg på «Grøn agenda Vestlandet», som finn stad på Stord torsdag 3. mai kl. 15:00 – 18:00 (SKL bygget). Seminaret er gratis. Sjå meir info på Stord kommune si nettside.

Kan halvvera ferjetida Stord-Kvinnherad

Ei politisk referansegruppa har lagt fram innstilling til ny ferjestrekning som skal korte ned sambandet. Dei går inn for det såkalla K2-alternativet som inneber ny ferjekai på